



Der vert no satsa på jordbruk på Neset

**Styret i Uskedalen Bondelag har no sendt inn sine merknadar til idrettslaget sine planar for sentrum. Dei ynskjer alle ei flott feiring imorgon og minnar om at 37 av mennene i Riksforsamlinga i 1814 var bønder. Det fekk betydning for utforminga av Noregs Grunnlov, seier historikar Torleif R. Hamre ved Eidsvoll 1814. Det held Hans Reidar Kjærland fram i fylgjeskrivet til merknadane, som har dette innhaldet:**

## Uskedalen Bondelag

### sine merknader

### til arealplan for sentrum.

Syner til forslaget som Idrettslaget har for sentrum av bygda og kjem med Bondelaget sine merknader til desse planane:

Området nordvest for grusbana er i dag LNF-område og vert i dag nytta som dyrka mark. Her er inngått langsiktige leigeavtale på 10 år med ein ung bonde frå bygda og det er heller ikkje noko ynskje frå grunneigar å nytta området til noko anna. Tvert i mot som dei sjølv skriv i e-post av 6. februar i år til Uskedal Idrettslag og Uskedal Utvikling. Dei ser på matproduksjon som vel så berekraftig som idrettspark.

Når det gjeld Sandabakkane så er det innteikna parkeringsplassar ned langs vegen til skulen. Det er heller ikkje i samsvar med ynskje frå dei som eig dette området. Dei og ynskjer at området skal nyttast til matproduksjon som før.

Det som alle må ha klart for seg er at vi som er bønder er næringsdrivande på lik linje med alle andre som driv næring i bygda vår. Det er med andre ord ikkje noko skilnad på oss som produserer maten og Sparbutikken i bygda som sel maten.

Ingen går til eigarane av Sparbutikken og ber om at deira areal som for eksempel parkeringsplassen må nyttast til noko anna. Vi som bønder treng alt det arealet som vi i dag nyttar. Vi har heller ikkje noko å avstå utan at det går ut over vårt næringsgrunnlag. Tvert imot, framtida vil krevja at vi aukar opp arealet til dyrka mark og beite.

Viss ikkje klarar vi ikkje møta krava til effektivisering og næringsutvikling på linje med andre næringer i vårt land. Det er nok å nemna dei signal som den nye regjeringa har signalisert i årets jordbruksforhandlingar.

Ein må hugsa på at Uskedalen er svært heldige i så måte. Vi har mange unge bønder som vil satsa og det er berre husdyr som kan klara å ta vare på det kulturlandskapet vi har idag. Vi har bønder som er blant dei beste og mest innovative her på Vestlandet. Det kviler eit stort ansvar på Uskedal Utvikling å ta vare på denne næringa og desse unge bøndene og å bidra til at dei får den utvikling som er naudsynt. Derfor har vi også meldt oss inn i Uskedal Utvikling. Og ein annan ting som er viktig er at næringa vert snakka opp som det så fint heiter i dag. Ein må hugsa på at dei som satsar på næringa i framtida står framfor store investeringar og det er ikkje å stikka under ein stol at det finnes meir lønsamt arbeid i kroner og øre enn å bli bonde her i verda.

Matjord vi har i sentrum er utan tvil noko med det beste som ein kan finna på Vestlandet. God drenerande sandjord med eit lag god matjord oppå som det har teke hundrevis eller tusenvis av år å få slik den er i dag. Berre 3 % av arealet i Noreg er eigna til å dyrka mat på. Det seier seg sjølv at vi nyttar ikkje det til verken parkeringsplassar eller areal til leik og moro.

Jordvern har fått mykje positiv merksemd nasjonalt i seinare tid. Ein samla næringskomité på Stortinget blei einige for vel ein månad sidan at det skal lagast ein strategi for jordvern. Det er gledelig å sjå at det arbeid som både Venstre og KrF har lagt ned no ser ut til å gjeva resultat. Vern av matjord bør vera eit nasjonalt ansvar på lik linje med vern av naturområde og strandsoner. Vern av matjord handlar om framtidige generasjonar sin mogelighet til å produsera mat. Rein luft, reint vatn og nok rein mat er utan tvil det viktigaste for alle i framtida og eit element som må liggja i botn heile tida. Dette er noko vi må arbeida for å ta vare på kvar dag. Det er ikkje noko vi berre kan tru er der og som vi finn på butikken når vi treng det. Så langt har vi vore heldige i Noreg, men det er ikkje lenger noko sjølvfølgje mange andre stader i verda. Det er nok å lesa FN sin siste klimarapport som kom for ein månad sidan så ser ein kva ein har i vente.

Ein finn eit kort samandrag på berre 33 sider av rapporten under denne linken [http://report.mitigation2014.org/spm/ipcc\\_wg3\\_ar5\\_summary-for-policymakers\\_approved.pdf](http://report.mitigation2014.org/spm/ipcc_wg3_ar5_summary-for-policymakers_approved.pdf) Å redusera nedbygginga av dyrka jord og dyrkbar jord er heilt naudsynt. I dag så har det vore opp til den enkelte kommune å bestemma dette. Lokale utbyggingsinteresser er ofte meir kortsiktige i tankegongen enn eit samfunn som heilskap har lov til å vera. Vern av matjord heng nøye saman med befolkningsveksten og auka behov for mat og klimaendringar, som vil forandra verdas matproduksjon.

Konklusjonen må vera at vi ikkje byggjer ned matjord i våre forslag til arealplan for Uskedalen sentrum. Det må vera fullt mulig å finna andre stader for både næring, parkering, busetnad og leik og moro. Det må vera mulig å fortetta området ved skule, barnehage og grusbane slik at ein finn ei tenlig løysning på meir parkeringsplassar. Busetnad synest godt ivareteke gjennom mange nye bustadområde sentralt i bygda. Det som vi må gjera før eller seinare er ei utviding av kyrkjegarden. Her har vi ledige gravplassar i 20-25 år til på dagens kyrkjegard, noko avhengig av folketalet framover.

Må ein ta matjord til anna formål så må det vera eit krav til utbyggjar at det vert opparbeidd dobbelt så mykje areal andre stader i bygda, av same jordsmonn og innan rimelig avstand sjølvsagt.

Vi ser fram til ein vidare matnyttig diskusjon i referansegruppa.

**Med beste helsing  
for Uskedalen Bondelag  
Hans Reidar Kjærland**